

|                                                                                               |                                                                        |                                         |                                      |            |            |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|--------------------------------------|------------|------------|
|  HELSE FØRDE | Kontinuerleg forbetring av kvalitetsstyringssystemet                   |                                         | Dokument-id: D22224                  |            |            |
|                                                                                               |                                                                        |                                         | Prosedyre                            |            |            |
| Organisasjon<br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Forbetring                                       | Utarbeidd av<br>Seniorrådgjevar Janny Strøm/Spesialrådgjevar Vidar Vie | Godkjent av<br>Administrerende direktør | Versjon                              | Gyldig frå | Rev. innan |
|                                                                                               |                                                                        |                                         | 1.01                                 | 21.12.2017 | 21.12.2019 |
|                                                                                               |                                                                        |                                         | EK-ansvarleg<br>Vie, Vidar Atle John |            |            |

## 1 Føremål og omfang

Føremålet med prosedyren er å sikre at Helse Førde kontinuerleg forbetrar prosessar i kvalitetsstyringssystemet, gjennom analyse og evaluering av prestasjonar, internrevisjonar og leiinga sin gjennomgang. Nødvendige tiltak skal implementerast for å oppfylle krav til forsvarlege helsetenester, og kvalitetsstyringssystemet, og mål om å oppnå tilfredse brukarar og andre interessepartar.

Denne prosedyren gjeld for føretaksleiinga, spesialrådgjevar for administrerende direktør, og alle tilsette i Helse Førde.

## 2 Framgangsmåte

### 2.1 Ansvar

Det er administrerende direktør sitt ansvar at kvalitetsstyringssystemet til Helse Førde fungerer som det skal, og at føretaket driv kontinuerleg forbetring. På same måte er det leiarar for klinikkar, avdelingar, seksjonar og einingar sitt ansvar at kvalitetsstyringssystemet vert følgt opp på deira område, og at det vert sett i gong forbetringar og tiltak der.

### 2.2 Generelt

Overvaking, måling, analyse og evaluering skal sikre at prestasjonar er i samsvar med kvalitetspolitikk, kvalitetsmål, og vedteken handlings- og tiltaksplan. Når evalueringa syner at resultata ikkje er i samsvar med krav, skal det treffast nødvendige tiltak for å forbetre resultat og prosessar. Vidare for å møte framtidige behov og forventingar hjå brukarar og interessepartar. Tiltaka skal korrigere, forhindre og redusere uønska verknader, og forbetre prestasjonar og verknaden av kvalitetsstyringssystemet.

### 2.3 Avvik frå forventa resultat og måloppnåing og korrigerande tiltak

Når det oppstår avvik, inklusive alle som oppstår ved klager, skal organisasjonen:

- Reagere på avviket, og viss aktuelt:
  - treffe tiltak for å styre og korrigere det
  - handtere konsekvensane
- Evaluere behovet for tiltak for å eliminere årsakene til avviket, slik at det ikkje gjentek seg eller oppstår ein annan stad, ved å:
  - gjennomgå og analysere avviket
  - bestemme årsakane til avviket
  - bestemme om liknande avvik finst, eller kan tenkast å oppstå
- Implementere tiltak som måtte vere nødvendig
- Gjennomgå verknaden av dei iverksette korrigerande tiltak
- Oppdatere risikoar og mogelegheitast bestemt under planlegging, om nødvendig
- Gjere endringar i kvalitetsstyringssystemet, om nødvendig

Korrigerande tiltak skal vere tilpassa verknadene av dei avdekkte avvika og skal dokumenterast. I Helse Førde oppstår det avvik på mange område, som til dømes i pasientbehandling, innan HMS, økonomi, IKT, og på teknisk utstyr. Hovudsystemet for avvikshandtering skal skje i Synergi, sjå [Handsaming av uønska hendingar / avvik i Synergi](#)



## 2.4 Intern revisjon av kvalitetstyringssystemet

Føretaket skal kontinuerleg forbetre «egnetheten» og verknaden av kvalitetsstyringssystemet. Det skal gjennomgåast årleg, og skal vere tema i den årlege revisjonsplanen i føretaket, for å sikre at systemet er føremålstenleg og i samsvar [Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#) og ISO 9001:2015.

## 3 Referansar

### Interne referansar

- [ORG-KSS.06.01-1](#)    Overvaking, måling, analyse og evaluering
- [ORG-KSS.06.03-1](#)    Leiinga sin gjennomgang
- [ORG-TILSYN.02-1](#)    Flytskjema for avvikshandtering i Helse Førde
- [ORG-TILSYN.02-3](#)    Handsaming av uønska hendingar / avvik i Synergi
- [ORG-TILSYN.02-8](#)    Handbok i årsaksanalyse etter uønskte hendingar

### Eksterne referansar

[Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#)

|                                                                                                      |                                                         |                                         |                     |                                      |                          |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|-----------------------------------------|---------------------|--------------------------------------|--------------------------|
|  <b>HELSE FØRDE</b> | <b>Forbetringsmetodikk</b>                              |                                         | Dokument-id: D22862 |                                      |                          |
|                                                                                                      |                                                         |                                         | Prosedyre           |                                      |                          |
|                                                                                                      | Organisasjon<br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Forbetring |                                         | Versjon<br>1.00     | Gyldig frå<br>13.02.2018             | Rev. innan<br>13.02.2020 |
| Utarbeidd av<br>Seksjonsleiar Kari Furevik, KOP                                                      |                                                         | Godkjent av<br>Administrerende direktør |                     | EK-ansvarleg<br>Furevik, Kari Holvik |                          |

## 1 Føremål og omfang

Føremålet med prosedyren er å skildre metode for forbetring som Helse Førde legg til grunn i alt sitt forbetringsarbeid, prosjekt og utviklingarbeid uavhengig av fagområde. Metoden skal sikre forankring, involvering og gjennomføring. Prosessforståing og kunnskap om egne prosessar er eit sentralt utgangspunkt for å oppnå forbetringar.


Denne prosedyren gjeld alle tilsette i Helse Førde.

## 2 Framgangsmåte

Målet er å forbetre arbeidsmetodar, organisasjonsstruktur, organisasjonskultur og behandlinglinjer systematisk og kontinuerleg innanfor gitte rammer frå styresmakter og eigar, og sikre at Helse Førde er ein lærande organisasjon.

### 2.1 Viktige prinsipp


- Dei som eig utfordringane er med å løyse dei.
- Det er linja (leiarlinja) som eig og leiar prosjekta. Slik sikrar vi at medarbeidarar som kjenner utfordringane best, nyttar sine kunnskapar til å vidareutvikle den faglege kvaliteten og sikrar pasienttryggleik.
- Partssamarbeid. Medarbeidarar, leiarar, tillitsvalde, vernetenesta og brukarar skal delta så langt dette let seg gjere. Andre samarbeidspartar som kommunar, eller andre, skal inkludrast der det er naturleg.
- Bruk av tverrfaglege team/arbeidsgrupper/prosjektgrupper.



Stoltz & Batalden 1993



Forbetringsmetodikk bygger på teorien «System og profound knowledge» (W. Edward Deming)




Ved å sjå på utfordringsbilde vårt gjennom linsa, og gjennom kvart av dei fire områda, kan analysere og forstå det betre slik at det er lettare å gjere noko med det.

Linsa er sett saman av fire hovud-dimensjonar eller område:

- Forståing for verksemda og tenester som **system**
- Forståing for **variasjon** i prosessar
- Forståing for korleis vi skapar **læring og bygger kunnskap** om systemet vårt, og korleis vi skal **endre**, og korleis gjere endringar i dette systemet.
- Forståing for **menneskelege aspekt** i endringsprosessar.


Primære drivarar for forbetring:



## 2.2 Metode




Eit forbetrings- og utviklingarbeid må formulere målsetting, det må vere mogleg å måle på ein eller fleire måtar, at ein ser at det er ei forbetring. Framlegg til endringar bør testast ut i småskala før ein eventuelt implementerer eller vidarefører det til større område. Tradisjonell implementering er ofte at ein planlegg, drøftar, høyrer og godkjenner ved «skrivebordet» før ein implementerer.



(Longley and Nolan)



Ved å nytte forbetringsmetodikk vil implementering ved testing sjå meir slik ut:



### 2.3 Ulike verktøy

I forbetrings- og utviklingsarbeid er der ei rekke verktøy og teknikkar som kan nyttast. Til dømes:

- Prosesskartlegging
- Flytskjema
- Drivardigram
- PDSA - småskaletesting
- Ulike program og verktøy for å framstille målingar (SPSS, excel, life QI, extranett mm)
- SWOT-analyse
- Forbetringstavler
- Risiko og beslutningstavler
- Årsak verknadsdiagram (Fiskebeinsdiagram)
- Paretodiagram
- Nominell gruppeteknikk – NGT

## 3 Referansar

### Interne referansar

- |                                 |                                           |
|---------------------------------|-------------------------------------------|
| <a href="#">ORG-KSS.04.01-5</a> | Organisasjonen sin kunnskap og kompetanse |
| <a href="#">ORG-KSS.07-3</a>    | Partssamarbeid om prosjekt                |
| <a href="#">ORG-KSS.07-4</a>    | Prosesskartlegging                        |

### Eksterne referansar

- [Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#)



|                                                                                               |                                                                    |                                                                         |                                         |                 |                          |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|-----------------|--------------------------|
|  HELSE FØRDE | Leiinga sin gjennomgang                                            |                                                                         | Dokument-id: D22225                     |                 |                          |
|                                                                                               |                                                                    |                                                                         | Prosedyre                               |                 |                          |
|                                                                                               | Organisasjon<br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Prestasjonsevaluering | Utarbeidd av<br>Rådgjevar Ibtisam<br>Rawdhan/spesialrådgjevar Vidar Vie | Godkjent av<br>Administrerende direktør | Versjon<br>1.04 | Gyldig frå<br>21.12.2017 |
|                                                                                               |                                                                    | EK-ansvarleg<br>Rawdhan, Ibtisam Taha Rawdhan                           |                                         |                 |                          |

## 1 Føremål og omfang

Kvalitetsstyringssystemet i føretaket skal gjennomgåast årleg, for å sikre at det til ei kvar tid er føremålstenleg, i samsvar med gjeldande lover og føreskrifter, og i kontinuerleg forbetring. Prosedyren gjeld for øvste leiing og den ansvarlege for kvalitetsstyringssystemet i Helse Førde.

## 2 Framgangsmåte

### 2.1 Ansvar

Administrerende direktør, og den han peikar ut til gjennomføringa, er ansvarleg for at leiinga sin gjennomgang vert utført etter planen. Det same gjeld direktør for klinikk når det gjeld leiinga sin gjennomgang der.

Organisasjonen elles pliktar å legge til rette, og medverke til at, informasjonen som krevst vert strukturert og kjem på plass til leiinga sin gjennomgang (LGG).

### 2.2 Område og tidspunkt

Leiinga sin gjennomgang skal gjennomførast på Helse Førde-nivå to gonger årleg i mars og november.

### 2.3 Grunnlag for gjennomgåinga

- Status for korrigerande og førebyggjande tiltak frå tidlegare gjennomgåingar
- Endring i behov og forventingar frå interessepartar, og endringar i samarbeid med desse
- Informasjon om prestasjonar og verknader av KSS, inklusiv trendar innanfor;
  - Kvalitetsmål; I kva grad mål og delmål er oppnådd
  - Kvalitetsstyringssystemet i klinikkane; forankring, risikovurderingar, endringar m.m.
  - Resultat av overvaking og måling
  - Tilfredsheit hos pasientar, brukarar, pårørande og andre interessentar, førespurnader frå eksterne, inklusive klager
  - Avvik og korrigerande tiltak
  - Revisjonsresultat
  - Eksterne leverandørar sine prestasjonar
  - Tilstrekkeleg ressursar i føretaket, herunder verksemda sin kompetanse og kapasitet
  - Verknad av tiltak treft for å ta omsyn til risikoar og moglegheiter (sjå [Tiltak for å ta omsyn til risikoar og moglegheiter](#))
  - Vurdering av samsvar med bestilling i styringsdokument
  - Vurderingar av prosessar sin prestasjon, og samsvar med lovbestemte krav og andre krav, som føretaket pålegg seg t.d.: Nasjonale faglege tilrådingar, Pasienttryggleiksprogrammet osv.
- Planlagde og mogelege endringar i (inkludert påpeiking av behov):
  - Tenestetilbodet
  - Prosessane (t.d. pasientforløp)
  - Kvalitetsmål
  - Sjølve kvalitetsstyringssystemet



|                                                                                                      |                                |                     |                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------|---------------------|-----------------|
|  <b>HELSE FØRDE</b> | <b>Leiinga sin gjennomgang</b> | Dok. id.:<br>D22225 | Versjon<br>1.04 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------|---------------------|-----------------|

- Resultat av leiinga sin gjennomgang:
  - Forbetringsforslag
  - Behov for revidering av kvalitetspolitikk
  - Konklusjon og vedtak

Leiinga sin gjennomgang skal gjennomførast to gonger årleg, jfr føretaket sitt årshjul, slik at evt. avgjersler med økonomisk konsekvens kan innarbeidast i føretaket sin økonomiplan og budsjett.

Resultata av LGG skal omfatte alle avgjersler og tiltak, som vedkjem mogelege endringar av kvalitetspolitikk, kvalitetsmål og andre element av kvalitetssystemet, i høve forpliktinga til kontinuerleg forbetring.

Resultatet frå leiinga sin gjennomgang skal skrivast i form av eit referat med tilhøyrande vedlegg. I tillegg skal det lagast ein handlingsplan for lukking av ev. avvik/tiltak, med frist for lukking og ansvarleg for oppfølging knytt til vedtaka i LGG.

### 3 Sjekkliste for førebuing til leiinga sin gjennomgang

|                                                                                                                            |                                       |               |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------|---------------|
| <b>Helse Førde HF</b>                                                                                                      | <b>Dato:</b>                          |               |
| <b>Leiinga sin gjennomgang – sjekkliste førebuing</b>                                                                      | <b>Ansvarleg: Spesialrådgjevar AD</b> |               |
| <b>Dokumentasjon som må leggst fram:</b>                                                                                   | <b>Ansvar for oppfølging:</b>         | <b>Frist:</b> |
| Kvalitetspolitikk, kvalitetsmål og kvalitetsindikatorar                                                                    |                                       |               |
| Rapportar frå revisjonar gjennomført sidan sist gjennomgang må leggst fram, med oversikt over avvik og korrigerande tiltak |                                       |               |
| Vurdering av <u>samsvar</u> med lovbestemte krav og med andre krav som føretaket pålegg seg (samsvarsevaluering)           |                                       |               |
| Prosedyrar for handtering av avvik og uønska hendingar                                                                     |                                       |               |
| Status for HMS-arbeidet (grov-/finkartleggingar, medarbeidarundersøkingar)                                                 |                                       |               |
| Rutinar for risikostyring                                                                                                  |                                       |               |
| Endringar i risikoar og mogelegheiter                                                                                      |                                       |               |
| Rutinar for dokumentstyring                                                                                                |                                       |               |
| Resultat frå brukartilfredshet og opplevd kvalitet                                                                         |                                       |               |
| Førespurnader frå eksternt involverte partar/brukarar/pasientar/publikum, inklusive klager                                 |                                       |               |
| Endringar i interessepartar                                                                                                |                                       |               |
| Definerte eigne og nasjonale kvalitetsindikatorar                                                                          |                                       |               |
| Beredskapsplanar og øvingar                                                                                                |                                       |               |
| Rutinar for informasjonstryggleik                                                                                          |                                       |               |
| Rutinar for smittevern                                                                                                     |                                       |               |
| Resultat frå pasienttryggleiksarbeid                                                                                       |                                       |               |
| Kompetanse kartlegging og forskning                                                                                        |                                       |               |
| Resultat frå samarbeidsavtalar                                                                                             |                                       |               |
| Oversikt over førebyggjande tiltak som er gjennomført sidan sist gjennomgang i leiinga                                     |                                       |               |
| Referat og tiltaksliste frå siste gjennomgang i leiinga med status for tiltak nemnde der                                   |                                       |               |
| Anna                                                                                                                       |                                       |               |

|                                                                                                      |                                                                           |                                         |                                      |            |            |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|--------------------------------------|------------|------------|
|  <b>HELSE FØRDE</b> | <b>Tilfredsheit hos pasientar og andre interessentar</b>                  |                                         | <b>Dokument-id: D22307</b>           |            |            |
|                                                                                                      |                                                                           |                                         | <b>Prosedyre</b>                     |            |            |
| <b>Organisasjon</b><br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Prestasjonsevaluering                            | Utarbeidd av<br>Spesialrådgjevar Vidar<br>Vie/seniorrådgjevar Janny Strøm | Godkjent av<br>Administrerende direktør | Versjon                              | Gyldig frå | Rev. innan |
|                                                                                                      |                                                                           |                                         | 1.01                                 | 04.01.2018 | 04.01.2020 |
|                                                                                                      |                                                                           |                                         | EK-ansvarleg<br>Vie, Vidar Atle John |            |            |

## 1 Føremål og omfang

Helse Førde skal overvake i kva grad behova og forventningane til pasientar, brukarar og pårørande, og andre interessentar, vert oppfylte. Interessentane er definerte i dokumentet [Interessepartar til Helse Førde - Kartlegging og oversikt](#). Prosedyren for gjeld for alle tilsette i føretaket.

## 2 Framgangsmåte

Helse Førde skal arbeide systematisk for å oppnå, overvake og gjennomgå denne informasjonen. Det skjer gjennom:

- Brukarundersøkingar – nasjonale, regionale og lokale
- Klagesaker til Helse Førde, Fylkeslegen og andre
- Saker til Norsk Pasientskadeerstatning
- Tilbakemeldingar frå Pasient- og brukarombod
- Lytteposten
- Tilbakemeldingar frå Brukarutvalet
- Tilbakemeldingar i media
- Dialog med pasientar, brukarar og pårørande
- Variasjon i bruk av helsetenestene
- Dialog med kommunar, andre interessentar og deira representantar
- Dialog med leverandørar, og tilbakemeldingar frå desse
- Samhandlingsavvik

Informasjonen skal sjåast opp mot dei krav som er stilte til Helse Førde gjennom lover, føreskrifter, styringsdokument og eigne prosedyrar. Den skal nyttast til å måle om kvalitetsstyringssystemet er verknadsfullt, og rapporterast på i Leiinga sin gjennomgang.

Det er administrerende direktør sitt ansvar at Helse Førde har eit godt system for å overvake tilfredsheita hos interessentane.

## 3 Referansar

- [ORG-KSS.01.02-1](#) Interessepartar til Helse Førde - Kartlegging og oversikt  
[ORG-BRUK.02-1](#) Pasienterfaringsundersøkingar i Helse Førde - Nasjonale, regionale og lokale



|                                                                                                      |                                                                                  |                                                |                                             |                                 |                                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------|---------------------------------------------|---------------------------------|---------------------------------|
|  <b>HELSE FØRDE</b> | <b>Krav til produkt og tenester</b>                                              |                                                | <b>Dokument-id: D22687</b>                  |                                 |                                 |
|                                                                                                      |                                                                                  |                                                | <b>Prosedyre</b>                            |                                 |                                 |
|                                                                                                      |                                                                                  |                                                | <b>Versjon</b><br>1.02                      | <b>Gyldig frå</b><br>21.12.2017 | <b>Rev. innan</b><br>21.12.2019 |
| <b>Organisasjon</b><br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Drift                                            | <b>Utarbeidd av</b><br>Spesialrådgjevar Vidar<br>Vie/seniorrådgjevar Janny Strøm | <b>Godkjent av</b><br>Administrerende direktør | <b>EK-ansvarleg</b><br>Vie, Vidar Atle John |                                 |                                 |

## 1 Føremål og omfang

Denne prosedyren skal sikre at Helse Førde leverer spesialisthelsetenester til innbyggjarane i samsvar med lovkrav og krav i ISO 9001:2015, kvalitetspolitikken og kvalitetsmåla til Helse Førde. Prosedyren gjeld for alle tilsette i føretaket.

## 2 Generelt om produkt og tenester

Helse Førde skal levere ei rekkje produkt og tenester til innbyggjarane i nedslagsfeltet til helseføretaket. Dette er spesifisert i [Organisasjonen sin kontekst, med aktivitetar, produkt og tenester](#).

## 3 Krav til produkt og tenester

Helse Førde sine produkt og tenester skal vere fagleg forsvarlege. Dei skal stette [Aktuelle lover og forskrifter for helseføretak, Styringsdokument 2017](#), krav i standard for ISO 9001:2015, nasjonale rettleiarar for behandling, nasjonale fagprosedyrer, kunnskapsbasert praksis og interne prosedyrar. Det skal vidare leggst vekt på kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit.

## 4 Krav til dokumentasjon og endring

Føretaket skal dokumentere at produkt og tenester blir leverte i samsvar med krava og at det blir kontinuerleg vurdert. Dette er skildra i prosedyre [Kontroll med registreringar - Rutine for registrering, oppbevaring og gjenfinning av informasjon](#).

Faglege prosedyrar skal leggst inn i kvalitetshandboka og oppdaterast når det er behov for det. Ansvarlege for prosedyrar blir gjort merksame på revisjonar med jamne intervall, men har også eit sjølvstendig ansvar for endring når det er påkrevd. Ved endringar skal det også informerast ut til dei endringane gjeld.

Helse Førde nyttar også revisjonar, tilsyn, avvikssystem, klager og Leinga sin gjennomgang for å avklare at produkt og tenester er i tråd med krava.

## 5 Ansvar

Det er administrerende direktør som er ansvarleg for at helseføretaket leverer produkt og tenester i samsvar med tidlegare nemnde krav. Dette ansvaret er delegert til leiarane i linja og det einskilde helsepersonell. Fagdirektør har eit særskilt ansvar for å sjå til at helsetenestene er forsvarlege og vert utførte i tråd med god praksis.

## 6 Referansar

|                                 |                                                                                                  |
|---------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <a href="#">ORG-KSS.01.01-3</a> | Organisasjonen sin kontekst, med aktivitetar, produkt og tenester                                |
| <a href="#">ORG-KSS.01.01-4</a> | Aktuelle lover og forskrifter for helseføretak                                                   |
| <a href="#">ORG-KSS.02.01-2</a> | Styringsdokument 2017                                                                            |
| <a href="#">ORG-KSS.04.03-8</a> | Kontroll med registreringar - Rutine for registrering, oppbevaring og gjenfinning av informasjon |





|                                                                                   |                                                                           |                                         |                                      |                          |                          |
|-----------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|--------------------------------------|--------------------------|--------------------------|
|  | Planlegging og styringsdialog på einingsnivå                              |                                         | Dokument-id: D22639                  |                          |                          |
|                                                                                   |                                                                           |                                         | Prosedyre                            |                          |                          |
|                                                                                   | Organisasjon<br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Drift                        |                                         | Versjon<br>1.01                      | Gyldig frå<br>21.12.2017 | Rev. innan<br>21.12.2019 |
|                                                                                   | Utarbeidd av<br>Spesialrådgjevar Vidar<br>Vie/seniorrådgjevar Janny Strøm | Godkjent av<br>Administrerende direktør | EK-ansvarleg<br>Vie, Vidar Atle John |                          |                          |

## 1 Føremål og omfang


Føremålet med denne prosedyren er å skissere korleis drifta skal planleggast på einingsnivå, kva planar som skal lagast og korleis styringsdialogen i linja fungerer.

## 2 Framgangsmåte

Alle einingar i føretaket (klinikkar, avdelingar, seksjonar og einingar) skal ha ein handlingsplan. Handlingsplanen skal innehalde tiltak på desse områda:


- Tenester og kvalitet (drift – leiaren for eininga sitt ansvar)
- Økonomi (budsjett – blir styrt av økonomiavdelinga)
- Kompetanse (blir styrt av FAU)
- HMS (blir styrt av HR)
- Ytre miljø (Blir styrt av miljøkoordinator)

Planen ligg fast men skal reviderast i ein kontinuerleg prosess, slik:



### 3 Styringsdialog

I ein kontinuerleg styringsdialog mellom alle leiarnivå skal føretaket sikre planlegging, gjennomføring, evaluering og forbedring:



### 4 Referansar

[ORG-KSS.05.01-1](#) Planlegging, implementering og styring av drift


|                                                                                                                                                                       |                                                                           |                                         |                                      |                          |                          |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|--------------------------------------|--------------------------|--------------------------|
|  <b>HELSE FØRDE</b><br><br><b>Organisasjon</b><br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Drift | <b>Planlegging, implementering og styring av drift</b>                    |                                         | Dokument-id: D22152                  |                          |                          |
|                                                                                                                                                                       |                                                                           |                                         | Prosedyre                            |                          |                          |
|                                                                                                                                                                       | Utarbeidd av<br>Spesialrådgjevar Vidar<br>Vie/seniorrådgjevar Janny Strøm | Godkjent av<br>Administrerende direktør | Versjon<br>1.01                      | Gyldig frå<br>21.12.2017 | Rev. innan<br>21.12.2019 |
|                                                                                                                                                                       |                                                                           |                                         | EK-ansvarleg<br>Vie, Vidar Atle John |                          |                          |

## 1 Føremål og omfang

Denne prosedyren skal sikre at Helse Førde planlegg, implementerer, og styrer drifta i tråd med kvalitetskrav, -politikk, -mål for verksemda, og krav til forsvarlege helsetenester. Sjå [Omfanget av kvalitetsstyringssystemet i Helse Førde](#), og dokument under «Organisasjon og kontekst» og «Planlegging».

## 2 Framgangsmåte

Skissa under synleggjer på eit overorda nivå prosessen for korleis Helse Førde planlegg, implementerer og styrer drifta i føretaket.



Planlegginga skal skje ut frå gitte krav som kjem fram i styringsdokument, strategiar, planar m.v. som skissert i «krav-boksen» i figuren. Planlegginga blir synleggjort i årlege planar og budsjett på alle nivå i organisasjonen, og følgt opp gjennom månadleg rapportering til nivået over. Undervegs i året skal planane og drifta korrigerast når det kjem nye krav, og ved utførte kartleggingar og risikovurderingar, revisjonar, tilsyn, med meir.

Rapportane fortel om status på arbeidet, og synleggjer eventuelle behov for korrigerings i drifta og endringar i kvalitetsstyringssystemet, som vert drøfta i LGG.

I Helse Førde skal dette sikrast gjennom ein kontinuerleg styringsdialog, sjå [Planlegging og styringsdialog på einingsnivå](#).

## 3 Ansvar

Det er administrerende direktør sitt ansvar at verksemda planlegg, implementerer, og styrer drifta i tråd med vedteken kvalitetspolitikk og kvalitetsmål, og etter krav til forsvarlege helsetenester. Alle leiarar i linja har eit eige ansvar for at dette skjer innanfor deira einingar.

For ein del overordna planprosessar vil t.d. økonomidirektør, HR-direktør, utviklingsdirektør og anna personell i Stab og støtte ha ansvar for sjølve prosessen, medan linjeleiinga må ta ansvaret for å følgje opp innhaldet i plandokumentet.





|                                                                                                      |                                                                           |                                         |                                      |                          |                          |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|--------------------------------------|--------------------------|--------------------------|
|  <b>HELSE FØRDE</b> | <b>Kvalitetspolitikk</b>                                                  |                                         | Dokument-id: D22586                  |                          |                          |
|                                                                                                      |                                                                           |                                         | Prosedyre                            |                          |                          |
|                                                                                                      |                                                                           |                                         | Versjon<br>1.01                      | Gyldig frå<br>21.12.2017 | Rev. innan<br>21.12.2019 |
| <b>Organisasjon</b><br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Leiarskap                                        | Utarbeidd av<br>Spesialrådgjevar Vidar<br>Vie/seniorrådgjevar Janny Strøm | Godkjent av<br>Administrerende direktør | EK-ansvarleg<br>Vie, Vidar Atle John |                          |                          |

## 1 Føremål og omfang

Helse Førde skal ha ein kvalitetspolitikk for å stette krava i lover og forskrifter, ISO-standard, og sikre fagleg forsvarlege spesialisthelsetenester, kontinuerleg kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik.

Kvalitetspolitikken gjeld alle delar av verksemda. Krava eller spesifikasjoner til tenestene kan vere gitt i lover, forskrifter, retningsliner eller faglege standardar. Helse Førde sin kvalitetspolitikk skal vere tydeleg, kjend og førande for heile organisasjonen og alle medarbeidarane, uavhengig av kvar ein arbeider. Kvalitetspolitikken skal vere tema på [Leiinga sin gjennomgang](#), og vere med i arbeidet med planar og strategiar i føretaket.

## 2 Definisjon av kvalitet

**Kvalitet** vert definert som; «i kva grad ei samling av ibuande eigenskaper oppfyller behov eller forventning som er angitt, vanlegvis underforstått eller obligatorisk» (Norsk Standard, NS-EN ISO 9000:2015).

Med kvalitet forstår vi ein kombinasjon av:

1. Etterleving av den definerte arbeidsprosessen
2. Rett vurdering
3. Brukarar og andre interessepartar si oppfatting/meining om kvaliteten på tenestene

Forholdet mellom desse tre punkta vil variere i dei ulike kjerne-, støtte- og styringsprosessar og vert skisserte i vedtekne [Kvalitetsmål for Helse Førde](#).

## 3 Ansvar

Øvste leiing, ved administrerende direktør, har ansvar for å utforme kvalitetspolitikken til føretaket, og saman med leiinga elles syte for at den vert implementert og kjend i heile organisasjonen. Alle medarbeidarar har ansvar for å medverke til at kvalitetspolitikken blir gjennomført.

## 4 Revisjon

Ved leiinga sin gjennomgang (LGG) skal det vurderast om det er tenleg å revidere kvalitetspolitikken til Helse Førde. Ved LGG skal det også bestemmast korleis og kor omfattande revisjonen skal vere.

## 5 Skildring av kvalitetspolitikken i Helse Førde

Kvalitetspolitikken til Helse Førde er bygd på føretaket sin visjon, verdiar og overordna mål:

### Visjon:

Vi skal fremje helse, meistring og livskvalitet

### Verdiar:

Respekt, tryggleik og kvalitet

|                                                                                                      |                          |                     |                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------|---------------------|-----------------|
|  <b>HELSE FØRDE</b> | <b>Kvalitetspolitikk</b> | Dok. id.:<br>D22586 | Versjon<br>1.01 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------|---------------------|-----------------|

#### Mål:

- › Trygge og nære helsetenester
- › God samhandling og effektiv ressursbruk i heile pasientforløpet
- › Aktiv pasientdeltaking og heilskapleg behandling
- › Ein framtidsretta og innovativ kompetanseorganisasjon

Politikken skal understøtte strategiar, planar og andre vedtekne føringar for å stette krava til spesialisthelsetenesta i Helse Førde sitt nedslagsområde, og omsynet til våre brukarar og andre interessepartar.

For å lukkast i vårt arbeid skal vi gjennom opplæring og informasjon stimulere til auka kvalitetsmedvit på alle nivå i føretaket. Kvalitetsstyringssystemet i føretaket skal stette interne prosedyrar og eksterne lovkrav m.v. og er underlagt system for dokumentasjon, revisjonar og avvikshandtering. Kvalitetspolitikken er ein integrert del av dette systemet, som skal vere gjenstand for kontinuerleg evaluering og forbetring.

Helse Førde skal til ei kvar tid arbeide med å stette dei krav som er til dokumentasjon i vårt kvalitetsstyringssystem og overhalde myndigheitskrav. Vi skal kontinuerleg forbetre vår kvalitetskompetanse, og medverke til at våre interessepartar medverkar til å sikre ein god kvalitet i våre tenester.

Kvalitetsmåla til Helse Førde er utarbeidde på bakgrunn av føringane skisserte i dette dokumentet.

## 6 Referansar

#### Interne referansar

|                                 |                              |
|---------------------------------|------------------------------|
| <a href="#">ORG-KSS.02.03-5</a> | Leiarplakat i Helse Førde    |
| <a href="#">ORG-KSS.03.02-1</a> | Kvalitetsmål for Helse Førde |
| <a href="#">ORG-KSS.06.03-1</a> | Leiinga sin gjennomgang      |

#### Eksterne referansar

[Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#)  
[Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskriften\)](#)  
[Rundskriv I-2/2013 Lederansvaret i sykehus](#)  
[Helse 2035 - Strategi for Helse Vest](#)

|                                                                                                      |                                                                                |                                                |                                       |                                 |                                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------|---------------------------------------|---------------------------------|---------------------------------|
|  <b>HELSE FØRDE</b> | <b>Leiging og forplikting</b>                                                  |                                                | <b>Dokument-id: D22253</b>            |                                 |                                 |
|                                                                                                      |                                                                                |                                                | <b>Prosedyre</b>                      |                                 |                                 |
|                                                                                                      | <b>Organisasjon</b><br>Kvalitetsstyringssystemet<br>Leiarskap                  |                                                | <b>Versjon</b><br>1.05                | <b>Gyldig frå</b><br>21.12.2017 | <b>Rev. innan</b><br>21.12.2019 |
|                                                                                                      | <b>Utarbeidd av</b><br>HR-direktør Arne<br>Skjelten/Spesialrådgjevar Vidar Vie | <b>Godkjent av</b><br>Administrerende direktør | <b>EK-ansvarleg</b><br>Skjelten, Arne |                                 |                                 |

## 1 Føremål og omfang

